



Lindås Rør & Sanitær As  
Burkhovdane 1  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 23/4173 - 23/65053

Saksbehandlar:  
Hogne Askeland  
hogne.askeland@alver.kommune.no

Dato:  
22.08.2023

## **Søknad om utleppsløyve vert avslutta utan handsaming - gbnr. 341/43 Skarpeneset**

Administrativt vedtak: **Saknr: 865/23**

Byggestad: Gbnr: 341/43  
Tiltakshavar: Helen Ellefsen Horvli  
Ansvarleg søkjar: Lindås Rør & Sanitær As  
Søknadstype: Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-3

### **VEDTAK**

**Med heimel i forskrift om begrensning av forurensing § 12-4, vert søknad om utleppsløyve for gbnr. 341/43 avvist. Grunngevinga går fram av vurderinga under.**

**Når søknaden er avvist vert saka avslutta. Ny fullstendig søknad i tråd med regelverket sine krav til dokumentasjon må sendast inn om søknaden skal takast til handsaming.**

### **SAKSUTGREIING**

#### **Tiltak**

Alver kommune har den 23.05.2023 mottatt søknad utleppsløyve for eigedom gbnr. 341/43 Skarpeneset.

Søknaden vart svara ut med mangelbrev datert 05.06.2023. Følgjande manglar vart etterspurd:

1. **Anleggstype.** Slamavskiljarens storleik og produkttype må vere opplyst i søknaden.
2. **Tømmeavtale.** Signert tømmeavtale med godkjent renovasjonsfirma for tømning med båt må leggjast ved søknaden.
3. **Kart/situasjonsplan.** Situasjonsplan skal vere målsett med avstand til bygningar og nabogrense. Lengde ut i og djupne i sjø skal vere påført situasjonsplanen. Det er i Forureiningsforskrifta § 12-4 d sett krav om kart i målestokk 1:5000.

4. **Leidning i sjø.** Utlegging av leidning i sjø skal vere godkjent av Bergen og omland Farvassforvaltning IKS før arbeida vert igangsett.
5. **Nabofråsegn.** Leidning som kryssar naboeigedom krev samtykke frå grunneigar.

Frist for tilbakemelding vart sett til 05.07.2023. Alver kommunen har ikkje motteke etterspurde opplysningar og vurderer at søknaden ikkje er tilstrekkeleg opplyst til at vi kan ta han til handsaming, jf. forskrift om begrensning av forurensing § 12-4. Søknaden vert avvist. Når søknaden er avvist vert saka avslutta.

#### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

#### **Klage**

Enkeltvedtak treft i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 12 kan klagast på til kommunestyret eller særskilt klagenemnd, jf. forureiningslova § 85 2.ledd og forureiningsforskrifta § 12-15. For enkeltvedtak treft av kommunestyret er Statsforvaltaren klageinstans.

Enkeltvedtak treft i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 13 kan klagast på til Statsforvaltaren, jf. forureiningslova § 85 2.ledd og forureiningsforskrifta § 41-5.

Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 23/4173**

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen  
Avdelingsleiar

Hogne Askeland  
Konsulent

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Mottakarar:**

Helen Ellefsen Horvli  
Lindås Rør & Sanitær As

Amalie Skrams Vei 6a  
Burkhovdane 1

5036 BERGEN  
5914 ISDALSTØ